

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Hordaland fylkeskommune rår ifrå utbygging på Osafjellet.

Ein reduksjon i vassføring på i underkant av 4 % i Norddøla må sjåast i samanheng med alle tidligare reduksjonar av vassføringa. Nedbørsfeltet til Norddøla er frå før redusert med 44%, og vassføringa er redusert til om lag det halve. Den samla belastninga på Osavassdraget, jamfør Naturmangfaldlovas § 10, er difor svært betydeleg."

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 14 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune rår til utbygging dersom følgjande krav vert innfridde:

1. Skade på sjøaure og laksestammen ved Osa/ Norddøla skal ikkje førekomme.
2. Tiltaket skal ikkje skape barrierar som fører til splitting av leveområde for villrein.
3. Inngrepa må, så langt som mogleg, gå i eitt med omgjevnadene.
4. Inngrepa i det sårbare økosystemet i høgjellet må avgrensast til eit absolutt minimum.
5. Det skal takast naudsynt omsyn til friluftslivet.
6. Det vil ikkje bli stilt krav om arkeologisk registrering då potensial for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som særst lågt.
7. Dersom det i samband med tiltaket vert avdekt automatisk freda kulturminne, må tiltak justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.